# Gloppen kommune

# Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval** | Kommunestyret |
| **Møtestad** | Kommunestyresalen |
| **Dato** | 18.06.2026 |
| **Tid** | Kl. 09:00 - 14:30 |

| **Følgjande medlemar møtte** | **Frå** |
|---|---|
| Alf Erik Røyrvik | V |
| Anne Berit Selle | SP |
| Arnar Hans Kvernevik | AP |
| Beate Dybendal Nordvik | H |
| Bernt Reed (p) | SP |
| Bjørn Petter Rygg | AP |
| Baard Helle Bolstad | SP |
| Hege Lothe | SV |
| Jan Ove Rygg (p) | H |
| Julie Kristin Lothe | SP |
| Karoline Aldis Bjerkeset | SP |
| Kristin Sælen | AP |
| Lisbeth Stensaker | H |
| Mariel Eikeset Koren | MDG |
| Marit Elisabeth Larssen | SP |
| Per Ståle Husevåg | KRF |
| Ragne Mari Røed Kandal | KRF |
| Sjur Atle Austrheim | H |
| Tord Hafnor | MDG |
| Marit Aud  Reikvam | AP |

| **Forfall/møtte ikkje** | **Frå** | **Følgjande varamedlem møtte** | **Frå** |
|---|---|---|---|
| Anders Felde | SP | Sonja Jordanger Loen | SP |
| Katrine Anita Heggelund | SV | | |
| Olav Klungre | KRF | | |
| Per Jarle Myklebust | SP | Maria Veien | SP |
| Reidar Moldestad | H | Ola Sundt Ravnestad | H |
| Runar Stensaker Kleppe | H | Kari-Ann Flølo | H |
| Svein Førde | AP | Ivar Engelstad | AP |

**Andre som møtte**
Anders Skipenes, kommunedirektør i alle saker
Benedicte Moritsgård Refvik, økonomisjef i sakene 042/26-049/26
Geir Liavåg Strand, organisasjonssjef i alle saker
Per Arne Strand, kommunalsjef oppvekst i sakene 043/26, 056/26 og 057/26

Åslaug Haugset, folkehelserådgjevar i sakene 056/26 og 057/26

| Ugilde | Sak | Følgjande varamedl. møtte | Merknad |
|---|---|---|---|
| Jan Ove Rygg (p) | 049/26 | , | §6 andre ledd i Forvaltningslova |
| Marit Elisabeth Larssen | 051/26 | , | §6e 2. ledd i Forvaltningslova |

**Underskrifter**

# Saksliste

| Sak nr. | Sakstittel |
|---|---|
| 042/26 | Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste |
| 043/26 | Referat og orienteringssaker |
| 044/26 | Årsmelding og rekneskap for 2025 |
| 045/26 | Økonomistatus - Tertialrapport pr. 30. april 2026 |
| 046/26 | Revidert budsjett etter første tertial 2026 |
| 047/26 | Rammekonferanse og konsekvensjustert økonomiplan |
| 048/26 | Fastsetting av betalingssatsar for namna minnelund |
| 049/26 | Stiftinga Eidehøvdingen - Søknad om kommunal støtte - Delprosjekt 1 |
| 050/26 | Firda Billag AS - Orientering etter generalforsamlinga 6. mai 2026 |
| 051/26 | Generalforsamling Nordfjordbrua AS |
| 052/26 | Årsmelding Eldrerådet i Gloppen 2025 |
| 053/26 | Vertskommunesamarbeid i Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde for hjort |
| 054/26 | Forvaltningsrevisjonsrapport - Beredskap |
| 055/26 | Høyringssvar "forslag om integreringsstønad for nyankomne flyktningar" |
| 056/26 | Tilstandsrapport Barnevern for 2025 |
| 057/26 | Kommunedelplan oppvekst - sluttbehandling |

**042/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste**

**Ordføraren si tilråding:**

1. Kommunestyret godkjenner møteboka frå siste møte
2. Kommunestyret godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Til å skrive under møteprotokollen valde kommunestyret:

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Tilrådinga frå ordføraren vart samrøystes vedteken.

Kari-Ann Flølo (H) og Alf Erik Røyrvik (V) vart valde til å skrive under protokollen.

**KOM- 042/26 Vedtak**
1. Kommunestyret godkjenner møteboka frå siste møte
2. Kommunestyret godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.

**043/26: Referat og orienteringssaker**

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Kyrkjeverje Audun Mundal orienterte om minnelund.
Anders Gimmestad Gule, Anna Fosse Torgunrud, Karl-Erik Strøm Skogseid, Olve Flaten og Karoline Førde Oppheim orienterte om Gloppen U40.
Kommunalsjef Per Arne Strand orienterte om kommunal overtaking av Bakkelidgrenda Barnehage.
Økonomisjef Benedicte Moritsgård Refvik orienterte om finansiell risiko.

**KOM- 043/26 Vedtak**
Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

**044/26: Årsmelding og rekneskap for 2025**

**Kommunedirektøren si tilråding**

1. Den framlagde rekneskapen for 2025 for Gloppen kommune med vedlagt drifts-, investerings- og balanserekneskap, og med følgjande nøkkeltal, blir fastsett som Gloppen kommune sin rekneskap for 2025:

| **Nøkkeltal – årsrekneskapen 2025:** | **Kr (i 1000 kr)** |
|---|---|
| Driftsinntekter | -796 653 |
| Driftsutgifter (inkl. avskrivingar) | 786 820 |
| Netto finansutgifter | 45 631 |
| Motpost avskrivingar | -33 931 |
| **Netto driftsresultat** | **1 866** |
| | |
| Avsetningar til bundne driftsfond | 5 327 |
| Bruk av bundne driftsfond | -5 238 |
| Netto bruk/avsetning bundne driftsfond | 89 |
| **Korrigert netto driftsresultat** | **1 955** |
| | |
| **Bruk av disposisjonsfondet** | **-1 955** |
| | |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | 0 |

2. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå Gloppen kommune for 2025.

**Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026**
Eldrerådet støttar kommunedirektøren si tilråding.

**Vedtak som innstilling frå Samfunnsutvalet - 03.06.2026**
Samfunnsutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes vedteke

**Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 03.06.2026**
Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding.
Samrøystes vedtak.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2026**

1. Den framlagde rekneskapen for 2025 for Gloppen kommune med vedlagt drifts-, investerings- og balanserekneskap, og med følgjande nøkkeltal, blir fastsett som Gloppen kommune sin rekneskap for 2025:

| **Nøkkeltal – årsrekneskapen 2025:** | **Kr (i 1000 kr)** |
|---|---|
| Driftsinntekter | -796 653 |
| Driftsutgifter (inkl. avskrivingar) | 786 820 |
| Netto finansutgifter | 45 631 |
| Motpost avskrivingar | -33 931 |
| **Netto driftsresultat** | **1 866** |
| | |
| Avsetningar til bundne driftsfond | 5 327 |
| Bruk av bundne driftsfond | -5 238 |
| Netto bruk/avsetning bundne driftsfond | 89 |

| | |
|---|---|
| **Korrigert netto driftsresultat** | **1 955** |
| | |
| **Bruk av disposisjonsfondet** | **-1 955** |
| | |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | 0 |

2. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå Gloppen kommune for 2025.

Samrøystes vedteke

## Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

**Behandling**
Felles orientering med eldrerådet, ved Benedicte Moritsgård, økonomisjef.

**RAD- 020/26 Vedtak**
Rådet meiner dette vart presentert godt på rammekonferansen. Rådet opplever at rammekonferansen er eit godt og nyttig tiltak, og håper kommunen held fram med å invitere alle råd og utval til dette framover.

## Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

**Behandling**

**HEOP- 029/26 Vedtak**
Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding.
Samrøystes vedtak.

## Samfunnsutvalet 03.06.2026:

**Behandling**

**SAMF- 041/26 Vedtak**
Samfunnsutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding.

Samrøystes vedteke

## Formannskapet 10.06.2026:

**Behandling**
Saksbehandler deltok under behandling av saka

**FOR- 051/26 Vedtak**

1. Den framlagde rekneskapen for 2025 for Gloppen kommune med vedlagt drifts-, investerings- og balanserekneskap, og med følgjande nøkkeltal, blir fastsett som Gloppen kommune sin rekneskap for 2025:

| Nøkkeltal – årsrekneskapen 2025: | Kr (i 1000 kr) |
|---|---|
| Driftsinntekter | -796 653 |
| Driftsutgifter (inkl. avskrivingar) | 786 820 |
| Netto finansutgifter | 45 631 |
| Motpost avskrivingar | -33 931 |
| **Netto driftsresultat** | **1 866** |
| | |
| Avsetningar til bundne driftsfond | 5 327 |
| Bruk av bundne driftsfond | -5 238 |
| Netto bruk/avsetning bundne driftsfond | 89 |
| **Korrigert netto driftsresultat** | **1 955** |
| | |
| **Bruk av disposisjonsfondet** | **-1 955** |
| | |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | 0 |

2. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå Gloppen kommune for 2025.

Samrøystes vedteke

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 044/26 Vedtak**

1. Den framlagde rekneskapen for 2025 for Gloppen kommune med vedlagt drifts-, investerings- og balanserekneskap, og med følgjande nøkkeltal, blir fastsett som Gloppen kommune sin rekneskap for 2025:

| Nøkkeltal – årsrekneskapen 2025: | Kr (i 1000 kr) |
|---|---|
| Driftsinntekter | -796 653 |
| Driftsutgifter (inkl. avskrivingar) | 786 820 |
| Netto finansutgifter | 45 631 |
| Motpost avskrivingar | -33 931 |
| **Netto driftsresultat** | **1 866** |
| | |
| Avsetningar til bundne driftsfond | 5 327 |
| Bruk av bundne driftsfond | -5 238 |
| Netto bruk/avsetning bundne driftsfond | 89 |
| **Korrigert netto driftsresultat** | **1 955** |
| | |
| **Bruk av disposisjonsfondet** | **-1 955** |
| | |
| Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk) | 0 |

2. Kommunestyret godkjenner årsmeldinga frå Gloppen kommune for 2025.

Vedtaket var samrøystes.

**045/26: Økonomistatus - Tertialrapport pr. 30. april 2026**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret tek tertialrapporten pr. 30. april 2026 til orientering.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2026**
Kommunestyret tek tertialrapporten pr. 30. april 2026 til orientering.

Samrøystes vedteke

## Formannskapet 10.06.2026:

**Behandling**
Saksbehandler deltok under behandling av saka

**FOR- 050/26 Vedtak**
Kommunestyret tek tertialrapporten pr. 30. april 2026 til orientering.

Samrøystes vedteke

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 045/26 Vedtak**
Kommunestyret tek tertialrapporten pr. 30. april 2026 til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

**046/26: Revidert budsjett etter første tertial 2026**

**Kommunedirektøren si tilråding**
**<u>Drift:</u>**
**Tenesteområda:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Formannskapet: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Samfunn og berekraft: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Fellespostar utanom kommunalområda: Ramma vert redusert med 600.000 kr

Total endring på tenesteområda: Auke i ramma på 1.400.000 kr (negativt)

**Sentrale postar:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Rammetilskot: Auka inntekt med 300.000 kr
- Utbyte: Auka inntekt med 600.000 kr

Total endring på sentrale postar: Auka inntekt med 900.000 kr (positivt)

**Disponeringar**:
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Bruk av disposisjonsfond: Auke bruk av disposisjonsfondet med 500.000 kr (opp frå 1.997.000 kr til 2.497.000 kr)

**Investeringar:**
**Investeringsprosjekt:**
Kommunestyret vedtek å legge inn budsjettrammer for følgjande investeringsprosjekt i 2026:

- P – Ny emisjon Byrkjelo Næringspark AS (ny): Ramme sett til 670.000 kr i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-029/26)
- P - Renovering garderobar Breim skule (ny): Ramme satt til 1.300.000 kr (inkl. mva) i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-032/26)

Total endring på investeringsprosjekt: Auka ramma med 1.970.000 kr

**Låneopptak/finansiering av investeringsprosjekt:**

- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av disposisjonsfondet med 670.000 kr for å finansiere ny emisjon i Byrkjelo Næringspark (KOM-029/26) ettersom denne investeringa ikkje kan lånefinansierast
- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert refusjon mva med 260.000 kr
- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av lån med 1.040.000 kr

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2026**
**Drift:**
**Tenesteområda:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Formannskapet: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Samfunn og berekraft: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Fellespostar utanom kommunalområda: Ramma vert redusert med 600.000 kr

Total endring på tenesteområda: Auke i ramma på 1.400.000 kr (negativt)

**Sentrale postar:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Rammetilskot: Auka inntekt med 300.000 kr
- Utbyte: Auka inntekt med 600.000 kr

Total endring på sentrale postar: Auka inntekt med 900.000 kr (positivt)

**Disponeringar**:
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Bruk av disposisjonsfond: Auke bruk av disposisjonsfondet med 500.000 kr (opp frå 1.997.000 kr til 2.497.000 kr)

**Investeringar:**
**Investeringsprosjekt:**
Kommunestyret vedtek å legge inn budsjettrammer for følgjande investeringsprosjekt i 2026:

- P – Ny emisjon Byrkjelo Næringspark AS (ny): Ramme sett til 670.000 kr i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-029/26)
- P - Renovering garderobar Breim skule (ny): Ramme satt til 1.300.000 kr (inkl. mva) i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-032/26)

Total endring på investeringsprosjekt: Auka ramma med 1.970.000 kr

**Låneopptak/finansiering av investeringsprosjekt:**

- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av disposisjonsfondet med 670.000 kr for å finansiere ny emisjon i Byrkjelo Næringspark (KOM-029/26) ettersom denne investeringa ikkje kan lånefinansierast
- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert refusjon mva med 260.000 kr
- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av lån med 1.040.000 kr

Samrøystes vedteke

## Formannskapet 10.06.2026:

**Behandling**
Saksbehandler deltok under behandling av saka

**FOR- 048/26 Vedtak**
**<u>Drift:</u>**
**Tenesteområda:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Formannskapet: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Samfunn og berekraft: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Fellespostar utanom kommunalområda: Ramma vert redusert med 600.000 kr

Total endring på tenesteområda: Auke i ramma på 1.400.000 kr (negativt)

**Sentrale postar:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Rammetilskot: Auka inntekt med 300.000 kr
- Utbyte: Auka inntekt med 600.000 kr

Total endring på sentrale postar: Auka inntekt med 900.000 kr (positivt)

**Disponeringar**:
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Bruk av disposisjonsfond: Auke bruk av disposisjonsfondet med 500.000 kr
  (opp frå 1.997.000 kr til 2.497.000 kr)

**<u>Investeringar:</u>**
**Investeringsprosjekt:**
Kommunestyret vedtek å legge inn budsjettrammer for følgjande investeringsprosjekt i 2026:

- P – Ny emisjon Byrkjelo Næringspark AS (ny): Ramme sett til 670.000 kr i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-029/26)
- P - Renovering garderobar Breim skule (ny): Ramme satt til 1.300.000 kr (inkl. mva) i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-032/26)

Total endring på investeringsprosjekt: Auka ramma med 1.970.000 kr

**Låneopptak/finansiering av investeringsprosjekt:**

- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av disposisjonsfondet med 670.000 kr for å finansiere ny emisjon i Byrkjelo Næringspark (KOM-029/26) ettersom denne investeringa ikkje kan lånefinansierast

- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert refusjon mva med 260.000 kr
- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av lån med 1.040.000 kr

Samrøystes vedteke

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vdeteken.

**KOM- 046/26 Vedtak**
**Drift:**
**Tenesteområda:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Formannskapet: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Samfunn og berekraft: Ramma vert auka med 1.000.000 kr
- Fellespostar utanom kommunalområda: Ramma vert redusert med 600.000 kr

Total endring på tenesteområda: Auke i ramma på 1.400.000 kr (negativt)

**Sentrale postar:**
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Rammetilskot: Auka inntekt med 300.000 kr
- Utbyte: Auka inntekt med 600.000 kr

Total endring på sentrale postar: Auka inntekt med 900.000 kr (positivt)

**Disponeringar**:
Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar for 2026:

- Bruk av disposisjonsfond: Auke bruk av disposisjonsfondet med 500.000 kr (opp frå 1.997.000 kr til 2.497.000 kr)

**Investeringar:**
**Investeringsprosjekt:**
Kommunestyret vedtek å legge inn budsjettrammer for følgjande investeringsprosjekt i 2026:

- P – Ny emisjon Byrkjelo Næringspark AS (ny): Ramme sett til 670.000 kr i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-029/26)
- P - Renovering garderobar Breim skule (ny): Ramme satt til 1.300.000 kr (inkl. mva) i tråd med vedtak i kommunestyret den 29.04.2026 (KOM-032/26)

Total endring på investeringsprosjekt: Auka ramma med 1.970.000 kr

**Låneopptak/finansiering av investeringsprosjekt:**

- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av disposisjonsfondet med 670.000 kr for å finansiere ny emisjon i Byrkjelo Næringspark (KOM-029/26) ettersom denne investeringa ikkje kan lånefinansierast
- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert refusjon mva med 260.000 kr
- Kommunestyret vedtek å auke budsjettert bruk av lån med 1.040.000 kr

Vedtaket var samrøystes.

**047/26: Rammekonferanse og konsekvensjustert økonomiplan**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret tek den konsekvensjusterte økonomiplanen til orientering.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren tar med seg følgjande innspel inn i det vidare budsjett- og økonomiplan arbeidet:

- …
- …
- …

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2026**
Dei to framlagde forslaga følgjer saka til behandlinga i kommunestyret.
Vedtaket var samrøystes.

## Formannskapet 10.06.2026:

**Behandling**
Innspel til det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet, framlegg frå Arnar Hans Kvernevik, Arbeidarpartiet

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren tek med seg følgjande innspel inn i det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2027–2030:

1. Kommunestyret legg til grunn at hovudmålet i budsjett- og økonomiplanarbeidet skal vere å oppretthalde gode og forsvarlege tenester til innbyggjarane gjennom omstilling, teknologi, organisasjonsutvikling og betre ressursutnytting. Kommunestyret ønskjer ikkje ein strategi der redusert kvalitet i tenestene vert hovudgrepet for å møte dei økonomiske utfordringane.

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren prioritere vidare arbeid med prosjektet «Bu- og omsorgstilbodet i Gloppen – rigga for framtida», og leggje fram konkrete tiltak som sikrar rett teneste på rett nivå, rett stad og til rett tid. Tiltaka må vurderast ut frå kvalitet, rekruttering, arbeidskraftbehov og økonomisk berekraft. Kommunestyret legg til grunn at framtidas utfordringar innan helse- og omsorg ikkje kan løysast gjennom auka bemanning åleine. Arbeidet må difor ha særleg fokus på korleis kommunen kan oppnå rett kvalitet på rett nivå gjennom nye arbeidsformer, betre organisering, teknologi, oppgåvedeling og meir målretta bruk av kompetanse. Kommunestyret ber vidare om at arbeidet tek utgangspunkt i erfaringar frå andre kommunar som arbeider systematisk med tilsvarande utfordringar.

3. Kommunestyret legg til grunn at framtidas utfordringar knytt til demografi, kompetansemangel og kommuneøkonomi vil krevje tettare samarbeid mellom kommunane. Kommunedirektøren vert beden om å identifisere område der interkommunalt samarbeid eller vertskommunesamarbeid kan gje større fagmiljø, betre rekruttering og meir kostnadseffektive tenester, og vurdere dette som ein naturleg del av arbeidet med økonomiplan 2027–2030.

4. Kommunestyret ber kommunedirektøren ha særleg merksemd på tiltak som kan redusere kommunen si finansielle sårbarheit, herunder gjeldsutvikling, renteeksponering, leigekostnader og framtidige driftskonsekvensar av investeringar. Nye investeringar må vurderast opp mot kommunen si samla økonomiske bereevne.

5. Kommunestyret ber kommunedirektøren nytte resultata frå Kommunebarometeret og samanlikningar med andre kommunar som grunnlag for vidare analyse av kommunen sine styrkar og forbetringsområde. Særleg bør det vurderast om det finst sektorar der kommunen kan lære av eigne beste praksisar eller hente gevinstar gjennom endra organisering, arbeidsmåtar og ressursutnytting.

Gloppen Sp, framlegg frå Per Jarle Myklebust, Senterpartiet
Som kommunedirektøren si tilråding med følgjande innspel:

Budsjett og økonomiplan bør leggast fram i balanse utan bruk av disposisjonsfond.
Arbeidet med budsjett- og økonomiplan skal skje utan bruk av ekstraordinære inntektspostar som til dømes sal av kommunale verdiar.
Arbeidet med lokalisering og omstilling av framtidige kommunale tenester der utvalde tenester skal vere sentrumsnært skal halde fram i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Samlokalisering av tenester som naturleg held saman må prioriterast.
Innsparingstiltak som kommunestyret tidlegare har vedteke men som ikkje er fullført, må prioriterast først framfor nye tiltak.
Alle sektorar må forvente å ta sin del av innsparing og effektiviseringstiltak.

Saksbehandler deltok under behandling av saka
Det vart samrøytes vedteke at dei to forslaga, frå ordføraren og Per Jarle Myklebust, følgjer saka til kommunestyret.

**FOR- 047/26 Vedtak**
Dei to framlagde forslaga følgjer saka til behandlinga i kommunestyret.
Vedtaket var samrøystes.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Forslag frå Sp, Ap og KrF, framlegg frå Per Jarle Myklebust, Senterpartiet
Kommunestyret tek den konsekvensjusterte økonomiplanen til orientering
Kommunestyret ber om at kommunedirektøren tek med seg følgjande innspel inn i det vidare budsjett og økonomiplan arbeidet:
1. Hovedmål: Kommunestyret ynskjer å opprettholde gode og forsvarlege tjenester til innbyggarne gjennom omstilling og teknologisk utvikling, uten å redusere kvaliteten.

2. Prosjektprioritering: Kommunedirektøren skal prioritere prosjektet «Bu- og omsorgstilbodet i Gloppen» for å sikre rett tjenester basert på kvalitet, rekruttering og økonomisk bærekraft.

3. Samarbeid mellom kommunar: Tett samarbeid mellom kommunar er nødvendig for å handtere framtidige utfordringar knyttet til demografi og kommuneøkonomi.

4. Finansiell sårbarhet: Kommunedirektøren skal fokusere på tiltak for å redusere kommunens finansielle sårbarhet og vurdere nye investeringer nøye.

5. Bruk av Kommunebarometeret: Resultater fra Kommunebarometeret skal brukast til å identifisere styrkar og forbedringsområde, samt lære av beste praksis fra andre kommunar.

6. Balanse i budsjett og økonomiplan: Budsjett og økonomiplan bør leggast fram i balanse utan bruk av disposisjonsfond.

7. Inntektskilder: Arbeidet med budsjett- og økonomiplan skal skje utan bruk av ekstraordinære inntektspostar frå sal. Dette skal behandlast i eigne saker.

8. Lokalisering og omstilling: Arbeidet med lokalisering og omstilling av framtidige kommunale tenester skal halde fram i tråd med kommunestyret sine vedtak. Utvalde tenester skal vere sentrumsnære, og samlokalisering av tenester som naturleg held saman må prioriterast.

9. Prioritering av innsparingstiltak: Innsparingstiltak som kommunestyret tidlegare har vedteke, men som ikkje er fullført, må prioriterast framfor nye tiltak.

10. Innsparing og effektivisering: Alle sektorar må forvente å ta sin del av innsparing og effektiviseringstiltak.

Karoline Bjerkeset (Sp) la fram felles forslag frå Sp, Ap, H og KrF.
Forslaget frå Karoline Bjerkeset (Sp) på vegne av Sp, Ap, H og KrF vart samrøystes vedteke.

**KOM- 047/26 Vedtak**
Kommunestyret tek den konsekvensjusterte økonomiplanen til orientering
Kommunestyret ber om at kommunedirektøren tek med seg følgjande innspel inn i det vidare budsjett og økonomiplan arbeidet:
1. Hovedmål: Kommunestyret ynskjer å opprettholde gode og forsvarlege tjenester til innbyggarne gjennom omstilling og teknologisk utvikling, uten å redusere kvaliteten.

2. Prosjektprioritering: Kommunedirektøren skal prioritere prosjektet «Bu- og omsorgstilbodet i Gloppen» for å sikre rett tjenester basert på kvalitet, rekruttering og økonomisk bærekraft.

3. Samarbeid mellom kommunar: Tett samarbeid mellom kommunar er nødvendig for å handtere framtidige utfordringar knyttet til demografi og kommuneøkonomi.

4. Finansiell sårbarhet: Kommunedirektøren skal fokusere på tiltak for å redusere kommunens finansielle sårbarhet og vurdere nye investeringer nøye.

5. Bruk av Kommunebarometeret: Resultater fra Kommunebarometeret skal brukast til å identifisere styrkar og forbedringsområde, samt lære av beste praksis fra andre kommunar.

6. Balanse i budsjett og økonomiplan: Budsjett og økonomiplan bør leggast fram i balanse utan bruk av disposisjonsfond.

7. Inntektskilder: Arbeidet med budsjett- og økonomiplan skal skje utan bruk av ekstraordinære inntektspostar frå sal. Dette skal behandlast i eigne saker.

8. Lokalisering og omstilling: Arbeidet med lokalisering og omstilling av framtidige kommunale tenester skal halde fram i tråd med kommunestyret sine vedtak. Utvalde tenester skal vere sentrumsnære, og samlokalisering av tenester som naturleg held saman må prioriterast.

9. Prioritering av innsparingstiltak: Innsparingstiltak som kommunestyret tidlegare har vedteke, men som ikkje er fullført, må prioriterast framfor nye tiltak.

10. Innsparing og effektivisering: Alle sektorar må forvente å ta sin del av innsparing og effektiviseringstiltak.

Vedtaket var samrøystes.

**048/26: Fastsetting av betalingssatsar for namna minnelund**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret vedtek betalingssatsar for namna minnelund i tråd med vedtaket som vart gjort av Gloppen kyrkjelege fellesråd den 27.05.2026:
«Vedtak:

a. Gloppen kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande betalingssatsar for namna minnelund:
    1. **Etableringsavgift / eingongsavgift**

a. **Etableringsavgift / eingongsavgift**
    - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 8 000,-** per gravlegging i namna minnelund med enkel plakett.
    - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 10 000,-** per gravlegging i namna minnelund med dobbel plakett.
    - Avgifta omfattar kostnader knytt til urnenedsetting, namneplate/plakett med namn og fødsels- og dødsdato, samt administrasjon og drift av minnelunden.

b. **Reservasjonsavgift i minnelund**
    - Det vert innført festeavgift for reservert plakett i namna minnelund på **kr 500,- per 5 år**, utover frigravsperioden.
    - Festeavgifta gjeld etter nærare fastsetjing i gravplassforskrifta, og utan knyting til konkret plassering av urna.

1. Fellesrådet legg til grunn at namna minnelund er ei gravferdsordning utan individuell disposisjonsrett til konkret gravplass, og at reservasjon av plass ikkje vert tillaten.
2. Fellesrådet vedtek at inntekter frå etableringsavgift og reservasjonsavgift skal nyttast til drift, vedlikehald og vidare utvikling av namna minnelund, inkludert digitale kartløysingar og informasjonstiltak.
3. Vedtaket vert oversendt kommunestyret for endeleg godkjenning, i samsvar med gjeldande regelverk for gravplassavgifter.»

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2026**
Kommunestyret vedtek betalingssatsar for namna minnelund i tråd med vedtaket som vart gjort av Gloppen kyrkjelege fellesråd den 27.05.2026:
«Vedtak:

1. Gloppen kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande betalingssatsar for namna minnelund:
    a. **Etableringsavgift / eingongsavgift**

a. **Etableringsavgift / eingongsavgift**
    - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 8 000,-** per gravlegging i namna minnelund med enkel plakett.
    - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 10 000,-** per gravlegging i namna minnelund med dobbel plakett.
    - Avgifta omfattar kostnader knytt til urnenedsetting, namneplate/plakett med

namn og fødsels- og dødsdato, samt administrasjon og drift av minnelunden.

b. **Reservasjonsavgift i minnelund**
   - Det vert innført festeavgift for reservert plakett i namna minnelund på **kr 500,- per 5 år**, utover frigravsperioden.
   - Festeavgifta gjeld etter nærare fastsetjing i gravplassforskrifta, og utan knyting til konkret plassering av urna.

1. Fellesrådet legg til grunn at namna minnelund er ei gravferdsordning utan individuell disposisjonsrett til konkret gravplass, og at reservasjon av plass ikkje vert tillaten.
2. Fellesrådet vedtek at inntekter frå etableringsavgift og reservasjonsavgift skal nyttast til drift, vedlikehald og vidare utvikling av namna minnelund, inkludert digitale kartløysingar og informasjonstiltak.
3. Vedtaket vert oversendt kommunestyret for endeleg godkjenning, i samsvar med gjeldande regelverk for gravplassavgifter.»

Samrøyste vedteke

## Formannskapet 10.06.2026:

**Behandling**
Formannskapet vurderte habiliteten til Kristin Sælen, som er medlem av Kyrkjeleg fellesråd. Fellesrådet har gjeve tilråding i saka. Formannskapet fann samrøystes at dette ikkje inneber slike særlege forhold som er omfatta av forvaltningslova § 6, og Kristin Sælen vart erklært habil til å delta i handsaminga av saka. Samrøystes vedteke

**FOR- 042/26 Vedtak**
Kommunestyret vedtek betalingssatsar for namna minnelund i tråd med vedtaket som vart gjort av Gloppen kyrkjelege fellesråd den 27.05.2026:
«Vedtak:
1. Gloppen kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande betalingssatsar for namna minnelund:
   a. **Etableringsavgift / eingongsavgift**

a. **Etableringsavgift / eingongsavgift**
   - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 8 000,-** per gravlegging i namna minnelund med enkel plakett.
   - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 10 000,-** per gravlegging i namna minnelund med dobbel plakett.
   - Avgifta omfattar kostnader knytt til urnenedsetting, namneplate/plakett med namn og fødsels- og dødsdato, samt administrasjon og drift av minnelunden.

b. **Reservasjonsavgift i minnelund**
   - Det vert innført festeavgift for reservert plakett i namna minnelund på **kr 500,- per 5 år**, utover frigravsperioden.
   - Festeavgifta gjeld etter nærare fastsetjing i gravplassforskrifta, og utan knyting til konkret plassering av urna.

1. Fellesrådet legg til grunn at namna minnelund er ei gravferdsordning utan individuell disposisjonsrett til konkret gravplass, og at reservasjon av plass ikkje vert tillaten.
2. Fellesrådet vedtek at inntekter frå etableringsavgift og reservasjonsavgift skal nyttast til drift, vedlikehald og vidare utvikling av namna minnelund, inkludert digitale kartløysingar og informasjonstiltak.

3. Vedtaket vert oversendt kommunestyret for endeleg godkjenning, i samsvar med gjeldande regelverk for gravplassavgifter.»

Samrøyste vedteke

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Kristin Sælen (Ap) tok opp sin habilitet då ho er medlem av Kyrkjeleg fellesråd. Ordføraren tilrådde at Kristin er habil og dette vart samrøystes vedteke.
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 048/26 Vedtak**
Kommunestyret vedtek betalingssatsar for namna minnelund i tråd med vedtaket som vart gjort av Gloppen kyrkjelege fellesråd den 27.05.2026:
«Vedtak:

1. Gloppen kyrkjelege fellesråd vedtek følgjande betalingssatsar for namna minnelund:
    a. **Etableringsavgift / eingongsavgift**

a. **Etableringsavgift / eingongsavgift**
    - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 8 000,-** per gravlegging i namna minnelund med enkel plakett.
    - Det vert innført ei eingongsavgift på **kr 10 000,-** per gravlegging i namna minnelund med dobbel plakett.
    - Avgifta omfattar kostnader knytt til urnenedsetting, namneplate/plakett med namn og fødsels- og dødsdato, samt administrasjon og drift av minnelunden.

b. **Reservasjonsavgift i minnelund**
    - Det vert innført festeavgift for reservert plakett i namna minnelund på **kr 500,- per 5 år**, utover frigravsperioden.
    - Festeavgifta gjeld etter nærare fastsetjing i gravplassforskrifta, og utan knyting til konkret plassering av urna.

1. Fellesrådet legg til grunn at namna minnelund er ei gravferdsordning utan individuell disposisjonsrett til konkret gravplass, og at reservasjon av plass ikkje vert tillaten.
2. Fellesrådet vedtek at inntekter frå etableringsavgift og reservasjonsavgift skal nyttast til drift, vedlikehald og vidare utvikling av namna minnelund, inkludert digitale kartløysingar og informasjonstiltak.
3. Vedtaket vert oversendt kommunestyret for endeleg godkjenning, i samsvar med gjeldande regelverk for gravplassavgifter.»

Vedtaket vart samrøystes.

**049/26: Stiftinga Eidehøvdingen - Søknad om kommunal støtte - Delprosjekt 1**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret kjem Stiftinga Eidehøvdingen i møte med omsyn til etablering av «Friluftsboks» (offentleg tilgjengeleg toalett) i Kulturminneparken.
Med bakgrunn i Gloppen kommune sin økonomiske situasjon, avslår kommunestyret søknaden om

ytterlegare stønad til gjennomføringa av Delprosjekt 1.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2026**
Kommunestyret kjem Stiftinga Eidehøvdingen i møte med omsyn til etablering av «Friluftsboks» (offentleg tilgjengeleg toalett) i Kulturminneparken.
Med bakgrunn i Gloppen kommune sin økonomiske situasjon, avslår kommunestyret søknaden om ytterlegare stønad til gjennomføringa av Delprosjekt 1.

Samrøystes vedteke

| Ugilde | Følgjande varamedl. møtte | Merknad |
|---|---|---|
| Jan Ove Rygg (p) | | §6 andre ledd i Forvaltningslova |

## Formannskapet 10.06.2026:

**Behandling**
Formannskapet vurderte habiliteten til Jan Ove Rygg (H) i sak 49/26. Rygg er leiar av Stiftinga Eidehøvdingen, som er søkjar i saka. Formannskapet fann samrøystes at Rygg er inhabil til å delta i handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd, då hans verv i stiftinga er eit særleg forhold som er eigna til å svekkje tilliten til hans upartiskheit.
Jan Ove Rygg fråtrådde under handsaminga av habilitetsspørsmålet og saka.

**FOR- 049/26 Vedtak**
Kommunestyret kjem Stiftinga Eidehøvdingen i møte med omsyn til etablering av «Friluftsboks» (offentleg tilgjengeleg toalett) i Kulturminneparken.
Med bakgrunn i Gloppen kommune sin økonomiske situasjon, avslår kommunestyret søknaden om ytterlegare stønad til gjennomføringa av Delprosjekt 1.

Samrøystes vedteke

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Jan Ove Rygg (H) tok opp sin habilitet då han er leiar for Stiftinga Eidehøvding. Ordføraren tilrådde at Jan Ove var inhabil etter §6 andre ledd og dette vart samrøystes vedteke.
Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 049/26 Vedtak**
Kommunestyret kjem Stiftinga Eidehøvdingen i møte med omsyn til etablering av «Friluftsboks» (offentleg tilgjengeleg toalett) i Kulturminneparken.
Med bakgrunn i Gloppen kommune sin økonomiske situasjon, avslår kommunestyret søknaden om ytterlegare stønad til gjennomføringa av Delprosjekt 1.

Vedtaket var samrøystes.

**050/26: Firda Billag AS - Orientering etter generalforsamlinga 6. mai 2026**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 20.05.2026**
Kommunestyret tek orienteringa til vitande.
Vedtaket var samrøystes.

## Formannskapet 20.05.2026:

**Behandling**
Karoline Bjerkeset (Sp) ba om å få vurdert sin habilitet då ho er gift med styremedlem i Firda Billag.
Etter ei konkret vurdering av innhaldet i saka vart det samrøystes vedteke at Karoline er habil i saka.
Varaordførar Jan Ove Rygg (H) orienterte frå generalforsamlinga.
Tilrådinga frå Kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

**FOR- 036/26 Vedtak**
Kommunestyret tek orienteringa til vitande.
Vedtaket var samrøystes.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Karoline Bjerkeset (Sp) tok opp sin habilitet då ho er gift med styremedlem i Firda Billag. Ordføraren tilrådde at Karoline var habil og dette vart samrøystes vedteke.
Innstillinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 050/26 Vedtak**
Kommunestyret tek orienteringa til vitande.
Vedtaket var samrøystes.

**051/26: Generalforsamling Nordfjordbrua AS**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Formannskapet rår primært til at Nordfjordbrua AS vert avvikla. Dersom der ikkje er semje mellom eigarane, rår formannskapet sekundært til at selskapet vert vidareført med endra vedtekter og føremål.

**Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 10.06.2026**
Formannskapet rår primært til at aksjeselskapet Nordfjordbrua AS vert avvikla og at det vert arbeidd vidare med å få på plass ein interesseorganisasjon for utvikling av samferdsel i Nordfjord.

Dersom der ikkje er semje mellom eigarane, rår formannskapet sekundært til at selskapet vert vidareført med endra vedtekter og føremål.

Vedteke mot Ragne Mari Røed Kandal (Krf) si røyst.

| Ugilde | Følgjande varamedl. møtte | Merknad |
|---|---|---|
| Marit Elisabeth Larssen | | §6e 2. ledd i Forvaltningslova |

## Formannskapet 10.06.2026:

**Behandling**
Endringsframlegg (Sp), framlegg frå Karoline Aldis Bjerkeset, Senterpartiet
Formannskapet rår primært til at aksjeselskapet Nordfjordbrua AS vert avvikla og at det vert arbeidd vidare med å få på plass ein interesseorganisasjon for utvikling av samferdsel i Nordfjord.

Framlegg fra KrF, framlegg frå Ragne Mari Røed Kandal, Kristeleg Folkeparti
Saka blir utsett. Ordførarane Gloppen og Stad blir bedne om å utarbeide ei felles tilråding til eigarane.

Fellesforslag SP, A og H, framlegg frå Jan Ove Rygg (p), Høgre
Formannskapet rår primært til at aksjeselskapet Nordfjordbrua AS vert avvikla og at det vert arbeidd vidare med å få på plass ein interesseorganisasjon for utvikling av samferdsel i Nordfjord.

Dersom der ikkje er semje mellom eigarane, rår formannskapet sekundært til at selskapet vert vidareført med endra vedtekter og føremål.

Det vart røysta over utsettingsforslag frå Krf. Utsettingsforslaget fekk Ragne Mari Røed Kandal (Krf) si røyst og falt.

Framlegg frå SP vart trekt og erstatta av fellesframlegg.
Fellesforslaget frå SP, Ap og H vart sett opp mot kommunedirektørens tilråding. Fellesforslaget vart vedteke mot Ragne Mari Røed Kandal (Krf) si røyst.

**FOR- 043/26 Vedtak**
Formannskapet rår primært til at aksjeselskapet Nordfjordbrua AS vert avvikla og at det vert arbeidd vidare med å få på plass ein interesseorganisasjon for utvikling av samferdsel i Nordfjord.

Dersom der ikkje er semje mellom eigarane, rår formannskapet sekundært til at selskapet vert vidareført med endra vedtekter og føremål.

Vedteke mot Ragne Mari Røed Kandal (Krf) si røyst.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Nordfjordbrua AS, framlegg frå Per Ståle Husevåg, Kristeleg Folkeparti
1. Ein føresler at selskapet endrar namn til Nordfjordvegar AS.
2. Ein endrar målsettinga til å arbeide for realisering av ny Lote-tunnel og opprusting av strekninga Byrkjelo Sandane.
3. Gloppen kommune yter kr 150.000.- i tilskot til selskapet i 2026, og oppmoder styret i selskapet om å knytte til seg næringslivsaktørar for å støtte opp om selskapet sitt føremål og drift.
4. TIlskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

Marit Elisabeth Larssen (Sp) tok opp sin habilitet då ho er styremedlem i Nordfjordbrua as.
Ordføraren tilrådde at ho var inhabil og dette vart samrøystes vedteken.
Per Ståle Husevåg (KrF) la fram sitt framlegg.
Avstemming
Innstillinga frå Formannskapet vart sett opp i mot forslaget frå Per Ståle Husevåg (KrF)
Innstillinga frå Formannskapet vart vedteken mot to røyster: Per Ståle Husevåg (KrF) og Ragne Mari Røed Kandal(KrF).

**KOM- 051/26 Vedtak**
Formannskapet rår primært til at aksjeselskapet Nordfjordbrua AS vert avvikla og at det vert arbeidd vidare med å få på plass ein interesseorganisasjon for utvikling av samferdsel i Nordfjord.

Dersom der ikkje er semje mellom eigarane, rår formannskapet sekundært til at selskapet vert vidareført med endra vedtekter og føremål.

Vedteke mot røystene til Per Ståle Husevåg (KrF) og Ragne Mari Røed Kandal (Krf).

**052/26: Årsmelding Eldrerådet i Gloppen 2025**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Eldrerådet godkjenner eldrerådsleiar sitt utkast til årsmelding for 2025.

**Vedtak som innstilling frå Eldrerådet - 01.06.2026**
Eldrerådet godkjenner eldrerådsleiar sitt utkast til årsmelding for 2025.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Innstillinga frå Eldrerådet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 052/26 Vedtak**
Kommunestyret godkjenner eldrerådsleiar sitt utkast til årsmelding for 2025.
Vedtaket var samrøystes.

**053/26: Vertskommunesamarbeid i Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde for hjort**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Gloppen kommune inngår, med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune i samsvar med vedlagt framlegg til "**Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde"** datert 08.05.2026.

**Vedtak som innstilling frå Samfunnsutvalet - 03.06.2026**
Gloppen kommune inngår, med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune i samsvar med vedlagt framlegg til "**Avtale om vertskommunesamarbeid om**

**Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde"** datert 08.05.2026.

Samrøystes vedteke

## Samfunnsutvalet 03.06.2026:

**Behandling**
Saksbehandler deltok under behandling av saka

**SAMF- 035/26 Vedtak**
Gloppen kommune inngår, med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune i samsvar med vedlagt framlegg til "**Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde"** datert 08.05.2026.

Samrøystes vedteke

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Innstillinga frå Samfunnsutvalet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 053/26 Vedtak**
Gloppen kommune inngår, med heimel i kommunelova kapittel 20, vertskommunesamarbeid med Sunnfjord kommune i samsvar med vedlagt framlegg til "**Avtale om vertskommunesamarbeid om Gloppen, Stryn og Indre Jølster bestandsplanområde"** datert 08.05.2026.

Vedtaket var samrøystes.

### 054/26: Forvaltningsrevisjonsrapport - Beredskap

**Kontrollutvalet si tilråding**
Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret i sak 22/26 Forvaltningsrevisjonsrapport - Beredskap, handsama 7.5.2026:

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om Beredskap i Gloppen kommune datert 16.4.2026, vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
    a. Samle beredskapsplanverket slik at det vert meir oversiktleg og lett tilgjengeleg
    b. Utarbeide ei samla oversikt over private aktørar/organisasjonar med ressursar i ein beredskapssituasjon
    c. Samle varslings- og koordineringsrutinane med eksterne aktørar i beredskapsplanen
    d. Styrkje den skriftlege dokumentasjonen av evaluering og oppfølging av beredskapsøvingar
    e. Sikre at erfaringar og læringspunkt frå øvingar og hendingar vert nytta til å oppdatere og vidareutvikle beredskapsplanen
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 30.3.2027.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Innstillinga frå Kontrollutvalet vart samrøyses vedteken.

**KOM- 054/26 Vedtak**

1. Rapporten frå forvaltningsrevisjon om Beredskap i Gloppen kommune datert 16.4.2026, vert teken til vitande.
2. Kommunedirektøren følgjer opp funna i rapporten slik:
   a. Samle beredskapsplanverket slik at det vert meir oversiktleg og lett tilgjengeleg
   b. Utarbeide ei samla oversikt over private aktørar/organisasjonar med ressursar i ein beredskapssituasjon
   c. Samle varslings- og koordineringsrutinane med eksterne aktørar i beredskapsplanen
   d. Styrkje den skriftlege dokumentasjonen av evaluering og oppfølging av beredskapsøvingar
   e. Sikre at erfaringar og læringspunkt frå øvingar og hendingar vert nytta til å oppdatere og vidareutvikle beredskapsplanen
3. Kommunedirektøren informerer kontrollutvalet om oppfølginga innan 30.3.2027.

Vedtaket var samrøystes.

**055/26: Høyringssvar "forslag om integreringsstønad for nyankomne flyktningar"**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret tek saka til vitande.

**Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 03.06.2026**
Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.
Samrøystes vedtak.

## Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

**Behandling**

**HEOP- 026/26 Vedtak**
Helse- og oppvekstutvalet tek saka til vitande.
Samrøystes vedtak.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Bjørn Petter Rygg (Ap) fekk permisjon.
Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 055/26 Vedtak**
Kommunestyret tek saka til vitande.
Vedtaket var samrøystes.

**056/26: Tilstandsrapport Barnevern for 2025**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret tek tilstandsrapport for Barnevernet for 2025 til orientering.

**Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 03.06.2026**
Helse- og oppvekstutalet støttar kommunedirektøren si tilråding:
Kommunestyret tek tilstandsrapport for Barnevernet for 2025 til orientering.
Vedtak samrøystes.

## Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

**Behandling**

**HEOP- 032/26 Vedtak**
Helse- og oppvekstutalet støttar kommunedirektøren si tilråding:
Kommunestyret tek tilstandsrapport for Barnevernet for 2025 til orientering.
Vedtak samrøystes.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart samrøystes vedteken.

**KOM- 056/26 Vedtak**
Kommunestyret tek tilstandsrapport for Barnevernet for 2025 til orientering.
Vedtaket var samrøystes.

**057/26: Kommunedelplan oppvekst - sluttbehandling**

**Kommunedirektøren si tilråding**
Kommunestyret vedtek Kommunedelplan for oppvekst (oppvekstplanen) slik den ligg føre i saka.

**Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 03.06.2026**
Helse- og oppvekstutvalet tilrår å ikkje gå vidare med utgreiing av 4 eller 5 dagers skuleveke for dei

minste, men å halde på ordninga med 4- dagers veke.

Vedtatt med ei stemmes overvekt: Per Ståle Husevåg, Sjur Atle Austrheim, Lisbeth Stensaker, Bård Helle Bolstad og Mariel Eikeset Koren støtta Per Ståle Husevåg sitt forslag.

Julia Lothe, Svein Førde, Eva Skrivarvik og Bernt Reed røysta for kommuneirektøren si tilråding.

Utover dette støttar helse- og oppvekstutvalet framlegget tl kommunedelplan, samrøystes.

## Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.06.2026:

**Behandling**
Rådet meiner det er positivt at planen har vekta omsynet til elevar med særskilte behov i saka om fire eller fem dagars veke. Rådet meiner også at det har vore god planprosess, og at det ligg føre ein god plan.

**RAD- 021/26 Vedtak**
Rådet meiner at fem dagers veke bør utgreiast vidare. Eit perspektiv som ikkje er løfta så mykje fram når det gjeld elevar med særskilte behov, er at mange av dei har helseproblem som kan gi auka fråvær. Då er det meir sårbart å gå glipp av ein av fire dagar i veka, enn ein av fem.

Rådet peiker på Plan for samordning av tenester til barn og unge, og ber om at den blir prioiritert for revidering.

## Helse- og oppvekstutvalet 03.06.2026:

**Behandling**
Utgreiing av 4- el 5 dagers veke, framlegg frå Per Ståle Husevåg, Kristeleg Folkeparti
Helse- og oppvekstutvalet vedtek å ikkje gå vidare med utgreiing av 4 eller 5 dagers skuleveke for dei minste, men halde på den ordninga med 4- dagers veke som i dag.

Per Ståle Husevåg (Krf) fremja tilleggsforslag: Helse- og oppvekstutvalet vedtek å ikkje gå vidare med utgreiing av 4 eller 5 dagers skuleveke for dei minste, men halde på den ordninga med 4- dagers veke som i dag. Det vart prøverøysta over forslaget før endeleg avrøysting.
Vedtaket fekk 5 røyster og vart vedteke med ei stemmes overvekt: Per Ståle Husevåg, Sjur Atle Austrheim, Lisbeth Stensaker, Bård Helle Bolstad og Mariel Eikeset Koren støtta Per Ståle Husevåg sitt forslag.
Julia Lothe, Svein Førde, Eva Skrivarvik og Bernt Reed røysta for kommunedirektøren si tilråding som fekk 4 røyster og fall.

**HEOP- 033/26 Vedtak**
Helse- og oppvekstutvalet tilrår å ikkje gå vidare med utgreiing av 4 eller 5 dagers skuleveke for dei minste, men å halde på ordninga med 4- dagers veke.

Vedtatt med ei stemmes overvekt: Per Ståle Husevåg, Sjur Atle Austrheim, Lisbeth Stensaker, Bård Helle Bolstad og Mariel Eikeset Koren støtta Per Ståle Husevåg sitt forslag.

Julia Lothe, Svein Førde, Eva Skrivarvik og Bernt Reed røysta for kommuneirektøren si tilråding.

Utover dette støttar helse- og oppvekstutvalet framlegget tl kommunedelplan, samrøystes.

## Ungdomsrådet 05.06.2026:

**Behandling**
NB: Ungdomsrådet (GUR) fekk lagt fram ei nedkorta sak i staden for den utval og kommunestyre får, jmf vanleg praksis. Saka ligg i møteboka frå møtet i GUR 5. juni 2026.
Rådet synes det er bra at oppvekstplanen har vore tema på dei fleste av møta gjennom arbeidsåret, sånn at dei har fått diskutert forskjellige ting og kunne stille spørsmål.

**UNG- 026/26 Vedtak**
Ungdomsrådet ønsker at den oppgitte mengda lekser i kap. 7.9 skal reduserast, og spesielt for ungdomstrinnet. Leksane kan gjerne vere at du skal jobbe i eit visst tal minutt, ikkje eit visst tal oppgåve. Det er viktig at leksane er tilpassa, sånn at alle får lekse dei kan lære av.
Vedtaket var einstemmig.

## Kommunestyret 18.06.2026:

**Behandling**
Beate Dybendal Nordvik (H) fremja Kommunedirektøren si tilråding.
Per Ståle Husevåg (KrF) fremja innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet.
Avrøysting
Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart sett opp i mot tilrådnga frå Kommunedirektøren.
Tilrådinga frå Kommunedirektøren vart vedteken med ordføraren si dobbeltrøyst. Dei som stemte mot var Per Ståle Husevåg (KrF), Ragne Mari Røed Kandal (KrF), Karoline Bjerkeset (Sp), Bernt Reed (Sp), Baard Helle Bolstad (Sp), Anne Berit Selle (Sp), Marit Elisabeth Larssen (Sp), Sonja Jordanger Loen (Sp), Julie Lothe (Sp), Marie Veien (Sp), Tord Hafnor (MDG) og Mariel EIkeset Koren (MDG).

Usemja gjekk på om 4 eller 5 dagars veke skulle utgreiast vidare eller ikkje. Resten av planen var det full semje om.

**KOM- 057/26 Vedtak**
Kommunestyret vedtek Kommunedelplan for oppvekst (oppvekstplanen) slik den ligg føre i saka.
Vedtaket vart gjort med ordføraren si dobbeltrøyst. Dei som stemte mot var Per Ståle Husevåg (KrF), Ragne Mari Røed Kandal (KrF), Karoline Bjerkeset (Sp), Bernt Reed (Sp), Baard Helle Bolstad (Sp), Anne Berit Selle (Sp), Marit Elisabeth Larssen (Sp), Sonja Jordanger Loen (Sp), Julie Lothe (Sp), Marie Veien (Sp), Tord Hafnor (MDG) og Mariel EIkeset Koren (MDG).

Usemja gjekk på om 4 eller 5 dagars veke skulle utgreiast vidare eller ikkje. Resten av planen var det full semje om.